



ØyNytt

Nummer 4
Oktober 2022
49. årgang

Informasjon for Hjelme og Blomvåg sokn



4 Øygaardssong i Hjeltefjorden arena



8 Turgeneralen i Blomvåg

5 Johanne er ny ungdomsarbeidar

6 Konfirmantjubilantar

10 Hjort på gravplass

10 Å møte kvarandre i sorga

11 Stå opp mot det vonde

14 Bibeltimar i nordre Øygarden

Invitasjon til samling med biskop Halvor Nordhaug

Biskop Halvor Nordhaug i Bjørgvin
bispedømme sluttar 1. desember 2022.



I den sammenheng inviterer han frivillige medarbeidarar til å delta på ei samling i Foldnes kyrkje tysdag 1. november kl. 18.00.

Program: Gudsteneste, refleksjonar frå biskopen, ulike innslag og lokale innspel. Enkel kveldsmat kl. 20.00.

Påmelding til Øygarden kyrkjelege fellestråd innan fredag 21. oktober. Send mail til post.oygarden@kyrkja.no eller ring oss på telefon 400 03 316.

LEIAR

Annlaug Børve
Ansvarleg redaktør



Førre helg fekk vi for andre gong oppleve Øygardssong i Hjeltefjorden arena. Gudstenesta på søndagen samla om lag 400 menneske, og det var flott å vere med i denne store fellesskapen på tvers av kyrkjelydane og forsamlingane her nord i Øygarden.

Eg håpar på fleire slike fellessamlingar. Dei knyter oss saman, og skapar glede og begeistring over at vi er mange som ønskjer å følgje Jesus. Eg vil rette ei varm takk til dei mange frivillige som var med på å gjere Øygardssong mogeleg, og håpar at dette kan bli ein fast årleg tradisjon!

**Rop med jubel for Gud, all jorda!
Spel og syng til ære for hans namn,
gjev han pris og ære!**

Salme 66, 1-2

Konsertar i Hjelme og Blomvåg

Salmekveld i Hjelme kyrkje i haust

Tysdag 18. oktober kl. 19.00

Tysdag 15. november kl. 19.00

Jolekonsertar

Onsdag 7. desember i Hjelme kyrkje:
Michael Järlestrand

Torsdag 8. desember i Blomvåg kyrkje:
Rong brass

Klokkeslett blir publisert på
kyrkja.no/hjelmeogblomvag



Kyrjekontoret på Straume har ny opningstid:
kl. 09.30-14.30 måndag-fredag

Kari Ragne Sandøy Rong er å treffe etter avtale på kyrjekontoret på Rong senter tysdagar og onsdagar, kontakt Kari på tlf. 922 79 340.



Illustrasjonsfoto: Unsplash

Eg hørde nettopp om ei dame som hadde vore i ei alvorleg livskrise. Midt i alt det vonde plasserte ho seg inn i forteljinga om Jesus som stiller stormen på Genesaretsjøen. Ho "steig opp i båten" og det var som om ho vart ein del av forteljinga der læresveinane er fulle av frykt medan Jesus ligg og søv bak i båten.

Ho sa: «Eg var i stormen, og det verka som om Jesus sov, men han var der heile tida. Og eg trudde at han til slutt ville stilla stormen". Dama fann trøyst og von til eige liv.

Dette er ein fin måte å bruka ei bibelforteljing på. Det er ein fin måte å komma nærare Jesus og hans vilje for liva våre. Prøv det! Du er invitert til å gjera Jesus-forteljingane til dine. For forteljingane om Jesus er meir enn berre forteljingar. Dei har i seg evige sanningar me kan gjera til våre egne.

I forteljinga om Jesus som stiller stormen undra læresveinane seg på om Jesus ikkje brydde seg om dei gjekk under (Lukas 8, 24). Då reiser Jesus seg og truar vinden og bølgene. Det vart stille. Og læresveinane vart òg stille. For Jesus bryr seg om at me går under. Difor seier han at me kan koma om bord til han for hjelp og fred.

Du og eg lever sjølvstendige liv og vi har vår eiga livsfortelling. Men forteljinga di er del av ei større forteljing der du er vesentleg for Gud. Gud oppsøkte jorda ved å senda sonen sin, og han er ikkje ferdig med det oppdraget før han har funne fram til deg. Gjer Jesus viktig i di forteljing.

Bibeltimar i haust

På side 14 i denne utgåva av ØyNytt presenterer me eit oversyn over stader der det er bibeltimar denne hausten. Bibelundervisning gjev nyttig og djup innsikt i Guds ord. Bibelen vert meir spennande når me dykkar inn i han. Slik mat gjev kroppen næring, er Guds ord er åndeleg føde for sjela. Me oppfordrar til å bli med på bibeltimar denne hausten.



ØyNytt

– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

Utgjevar: Hjelme og Blomvåg sokneråd**Ansvarleg redaktør:** Annlaug Børve**Redaktør og grafisk produksjon:**

Yngvild Mørner Sørheim

Trykk: Molvik Grafisk AS**Kontingent:** Kr 300 i Hjelme og Blomvåg sokn / kr 350 utanfor Hjelme og Blomvåg**Takkeannonser:** Kr 100**Annonsar:** Kontakt redaksjonen: ys487@kyrkja.no**Bankkontonummer:**

1503.84.37590 for kontingenter og gåver

Opplag: 2600 pr. nummer. 5 nummer i året.

ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.

Det er også mange abonnentar utanfor soknet.

Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

Neste ØyNytt kjem ut:

7. desember

Redaksjonen vert avslutta to veker før.




DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden kyrkjelege fellesråd

Telefon: 400 03 316**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no**Besøksadresse:** Øygarden kyrjekontor, Temahuset på Straume**Postadresse:** Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:

www.kyrkja.no/oygarden

Facebook: 

HjelmeogBlomvagSokn

Soknepresten i**Hjelme og Blomvåg:**

Espen Sigve Tveten

E-post: et838@kyrkja.no**Telefon:** 91 61 78 00**Leiar i soknerådet:**

Erling Vik

E-post: erl-vik@online.no**Kyrkjeverje:**

Annlaug Børve

E-post: ab766@kyrkja.no**Telefon:** 473 04 530**Org. nr. Øygarden kyrkjelege****fellesråd:** 976 995 430

Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps #699755



Øygardssong

Gudstenesta under Øygardssong vart avslutta med barnekoret Lyskastaren og Gospel Teens på scenen. Det var ei stor oppleving å sjå born og ungdom frå vårt eige lokalmiljø formidle liv, glede og Jesus på ein strålende måte. Gudstenesta i Hjeltefjorden arena var fylt til siste klappstol.

Tekst: Espen Tveten

Foto: Jurate Gedvilaite / framsidefoto: Geir Jensen

Eit anna høgdepunkt stod Lisa Børud for (framsidebilete). Då ho entra scenen stod stemninga heilt oppunder taket. Songar som «Jesus spør om du er tøff nok», «Snikkelora» og andre slagarar stod på repertoaret og allsongfaktoren var høg. Etter konserten var det ein timelang autografrunde med ungdom frå heile distriktet. Lisa Børud er kjent frå mellom anna Stjernekamp og Melodi Grand Prix.

Øygardssong er eit song- og musikkonsept med mange artistar og mykje allsong. Det var andre gong Øygardssong vart gjennomført. Det er

Vik bedehusforening, INRI-kyrkja og Den norske kyrkja i Hjelme og Blomvåg som står saman om Øygardssong. Det er viktig å visa at me står saman om det viktige oppdraget me har om å løfte opp Jesus her me bur. Song og musikk har alltid vore viktig for øygardsfolket og denne helga var det konsertar fredag og laurdag kveld og gudsteneste søndag

«Storebroren» til Øygardssong er arrangementet Skjærgårdsang i Langesund. Mange frå vårt distrikt har tatt turen til Skjærgårdsang år etter år. Her er det mange impulsar og

erfaringar me har ynskt å gje vidare her hjå oss.

Dei to herrane Mikael Järlestrand og Leif Ingvald Skaug var med oss heile helga til stor glede. Sistnemnte hadde på førehand øvd inn songar med Gospelteens. Gospelgruppa Redeemed frå Bergen hadde konsert og gav oss amerikanskinspirert gospelmusikk det svinga av. Eit stort husorkester med dyktige forsongarar bidrog til at songen fekk lyde høgt og klart.

Takk til det lokale næringslivet som har bidratt til at eit slikt stort arrangement var mogeleg å få til!

Gler seg til å jobbe med leir

Johanne elska å reise på Skjergardsheimen då ho var barn. I år skal ho sjølv vera med å arrangere leirar, og ho håpar mange kan få dei gode opplevingane ho sjølv har hatt der.

Tekst: Hogne Berland

Johanne Hatten (19) skal arbeide med barn og ungdom i kyrkja dette året. Ho vaks opp på Sture, så ho var ein av dei få heldige som hadde gangavstand til leirplassen. «Eg hugsar særleg forventinga når det nærma seg. Det var mykje planlegging og snakk om leirane medan vi var på skulen.» Johanne har mange gode minne frå leir. «Det var alltid mykje kjekt program og eg hugsar at eg synes det var så spennande å få vite kva vi skulle høyre om på bibelsamlingane.»



møte det med håp og glede.»

Etter tre år på internatskule på Framnes, reiste Johanne til Helgeland folkehøgskule, der ho har gått det siste året. «Eg ønskte å gå på ein kristen folkehøgskule og ha eit år med fokus på Jesus. Eg møtte mange kjekke folk på skulen. Det var fint å få fleire kristne venner, seier Johanne, som anbefalar alle å ta eit friår

på folkehøgskule eller bibelskule etter vidaregåande.

Kvart år var det ny leir og ho fortel at det var viktig med dette møtepunktet med eit tydeleg kristent fokus. «Eg var på leir, men også aktiv på søndagsskule og Plussklubb. Saman med det eg lærte heime, vart den kristne trua på denne måten ein naturleg del av oppveksten, og det er eg glad for.» Trua har vore eit fast haldepunkt i livet, fortel Johanne. «Då vert det sånn at uansett kva ein møter, så er det ein tryggleik i botnen som gjer at ein kan

No er ho altså tilbake i Øygarden og skal arbeide i ei 60%-stilling i kyrkja. I tillegg til leir, skal ho arbeida med konfirmantane og dei eldre ungdomane. På spørsmål om kva som er motivasjonen for å ha ein slik jobb, har ho ein tydeleg tanke: «Eg veit det var viktig for meg med eldre, kristne forbilder som deltok på det som skjeddde. Eg har eit stort ønske om å vera eit sånt forbilde for andre. Det er kjekt å gje tilbake når eg føler eg har sjølv fått mykje i min oppvekst!»

DETTE SKJER I HAUST

Barn og unge

LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

15. oktober: 1. klasse leirdag
16. oktober: 2. klasse leirdag
22.-23. oktober: 3. klasseleir
2.-4. desember: 4. klasseleir

Påmelding: kyrkja.no/hjelmeogblomvag

REFUEL

7. oktober
21. oktober
4. november
18. november
2. desember
16. desember:
Julebord

Stad: Rong senter
Tid: 19.30–22.30

KRIK

30. september
28. oktober
11. november
25. november
9. desember
16. desember:
Julebord

Stad:
Hjeltefjorden arena
Tid: 19.30–21.30

GOSPEL TEENS

27. september
25. oktober
8. november
22. november
6. desember

Stad: Blomvåg kyrkje
Tid: 18-20

BABYSONG

4. oktober
18. oktober
1. november
15. november
29. november
13. desember

Stad: Blomvåg barnehage
Tid: 10.00

SMÅBARNSSONG

20. september
4. oktober
1. november
15. november
29. november

Stad: Blomvåg kyrkje
Tid: 17.30

Gratulerer til konfirmantjubilantane!



Hjelme kyrkje 1972-kullet

Bak frå venstre: Asbjørn Dāvøy, Arne Fjeldstad, Jon Inge Ingvaldsen, Alf Birger Oliverson, Randi Heggøy, Audun Sæle

Framme frå venstre: Ellinor Sanden, Anne-Judith Sulen, Jorun Tjong Kallekleiv, Grete Alvheim Dyvik, Margun Tjong Kolle, Sissel Heggholmen, Ada Svellingen



Hjelme kyrkje 1971-kullet

Bak frå venstre: Karstein Sæle, Leif Gunnar Alvheim, Otto Hjelme, Jan Arnt Magnesen, Kjell Rune Svellingen, Kjell Arne Heggøy, Leif Sanden

Framme frå venstre: Reidar Otto Sæle, Bente-Lise Hellesund, Inger Astrid Jensen Eriksen, Eldbjørg Sanden Søvik, Margun Margrethe Stølsnes, Lajla Bodil Sagstad



Hjelme kyrkje 1970-kullet

Bak frå venstre: Kjell Sigmund Fjeldstad, Magne Harkestad, Atle Magnar Heggøy, Øystein Hovden, Karstein Tjong

Framme frå venstre: Signe Mari Eide, Alice Norma Hellesund, Nina Harkestad, Bjørg Fjeldstad

12. og 19. juni vart 50-årsjubilantane frå 2020, 2021 og 2022 invitert til gudsteneste og fest!

Foto: Espen Tveten / Yngvild Mørner Sørheim



Blomvåg kyrkje 1972-kullet

Bak frå venstre: Knut Torsvik, Anskar Blom, Bjørn Haugstad, Børge Kvalheim Rong, Eivind Rong, Ole Rong, Svein Rong

Framme frå venstre: Mona Helen Dale, Unni Instefjord, Elin Vestheim, Ingrid Olaus Sæle, Benthe Sulen Bjørke, Elna Strandheim, Kjersti Kårbø Djupvik, Kirsten Jåstad, Kari Dale Rosnes



Blomvåg kyrkje 1971-kullet

Bak frå venstre: Erling Vik, Steinar Torsvik, John Reidar Andersen, Otto Træen, Normann Rong, Oddvar Sæle

Midten frå venstre: Gunvor Marie Sæle Kongsvik, Evelyn Johannesen, Kirsten Elin Hansen, Marit Blom Berntsen, Kari Knarvik, Kjersti Oen Sæther, Oddbjørg Solvang, Olav Martin Vik

Framme frå venstre: Liv Edel Mikkelsen, Anita Knarvik, Helga Vik Barsnes, Turid Torsvik Monssen, Laila Karin Toftevåg, Åshild Toft Espelid, Turid Toft Amena



Blomvåg kyrkje 1970-kullet

Bak frå venstre: Lillian Torsvik, Bjarte Torsvik, Jarle Kåre Oen, Arvid Rong, Jakob Blom, Narve Rong, Jan Inge Blom, Victor Dale, Nils Atle Sæle, Eivind Oen, Nils Ole Sæle, Mona Rong, Arne Herdlevær, Anne-Lise Midtveit, Nils Torsvik, Bodil Oen, Margun Toftevåg

Framme frå venstre: Liv Berit Nielsen, Mariann Vik, Britt Helen Breivik Myhren, Turid Dale Jensen, Grethe Dahl Totland, Åse Indrøy Hansen, Anne Margrethe Bø



Heine Ruben Hammer



Mange klopper er bygd, så ein kan gå tørrskodd på stiane



Publikum på teateroppsetting i Planteskogen

Turgeneralen i Blomvåg

Det som starta med eit par leikeapparat i eit skogholt på Blomvågneset har no blitt ein leikepark, midt i eit nettverk av turstiar. Og snart kjem det dagsturhytte. Heilt sentralt står eldsjela Heine Ruben Hammer.

Tekst: Hogne Berland

Foto: Heine Ruben Hammer og Alf Alden

I 2015 skulle Heine (43) lage til bursdag for eit av barna og tenkte det hadde vore gøy å gjera noko annleis. Han spurte om å få bruke Planteskogen, ein liten skog du kan gå til frå Blomvåg kyrkje på cirka 30 minutt. Her var det nokre taudisser som var hengt opp frå før og Heine utvida med litt ekstra leikar. Dette gav meirsmak og då det var klarert med grunneigar, heldt han fram med å stadig utvide. I dag inneheldt skogen ein haug med leikeapparat, grillhytte og kreative installasjonar. I grillhytta ligg både

grillkol, tennvæske og kvikkklusj klart. Planteskogen er alltid tilgjengeleg for dei som vil ta turen ut dit. I tillegg har Heine stått bak mange ulike arrangement i skogen.

Til dagleg jobbar Heine som kjøkkensjef på Håkonsvern. Han bur i Blomvåg saman med Stine Kristensen og borna Albert, Aletta og Martine. På fritida er både han og familien ofte å finne i turløypene i området. Han er leiar i Øygarden turlag og i tillegg til arbeidet i Planteskogen, har han leia arbeidet

med å lage nye stiar og utbetre dei eksisterande stiane i området. Som du skjønar, likar Heine seg godt ute, men kvar får han motivasjonen til alle prosjekta? «Eg er opptatt av at folk skal kome seg ut. Å gå på tur er bra for både fysisk og psykisk helse, men dørstokkmila stoppar mange. Då trur eg det er viktig å gjere turløypene gode og tilgjengelege slik at det vert lettare å ta turen. Me har også utvida med nye stiar i området, slik at det skal passe for flest mogleg.» Dei som har gått i løypene på Blomvågneset i det



Teateroppsetting av Hans og Grete med 'Eventyr i parken'

Helikopter leverer minigravar til dagsturhyttetomta

siste, har sett at det er gjort eit stort arbeid med å lage klopper og fine stiar. Han understreker samtidig at han har god hjelp av fleire frivillige i arbeidet. «Me er ein kjerne som er mest aktiv og har det veldig kjekt når me jobbar i lag.»

Mange har oppdaga Planteskogen på grunn av dei mange arrangementa der ute. Her har det vore både konsertar, teateroppsettingar, påskeeggjakt og julegraut. Rekorden var utrulege 350 personar på påskeeggjakt. «Alle arrangementa har vore kjekke, men favoritten er kanskje teateroppsettingane med 'Eventyr i parken'. Gøy for både store og små!». Alt er gratis for deltakarane. Pengar til å dekkja utgifter til arrangement og arbeid med løypene kjem frå turlag, Rieberfondet og ikkje minst er det mange som gjev grasrotandelen til Planteskogen gjennom Norsk Tipping.

At han har lukkast med visjonen om å få folk på tur, er det liten tvil om. Han anslår at 100 personar besøker Planteskogen på ein gjennomsnittleg laurdag eller søndag når vëret er ok.

«Det er så kjekt å sitte på terassen og sjå at folk er på veg ut. Eg får også mange gode tilbakemeldingar. Folk er begeistra, og det gjev motivasjon!». Det ligg enormt med arbeid bak og det har blitt mange, mange timar ute, innrømmer Heine. «Ein må finne ein balanse i samarbeid med familien. For at det ikkje skal bli for mykje, har mi løysing vore å tenke eit prosjekt om gongen. Eg planlegg dette, får det unnagjort, og så kan eg starte på neste.» Arbeidet har ikkje gått upåakta hen, og Heine fekk i fjor folkehelseprisen frå Øygarden kommune.

For Heine dreier alt seg for tida om eit heilt spesielt prosjekt. Det skal nemleg kome dagsturhytte i Blomvåg! Dagsturhyttene har poppa opp over heile landet dei siste åra, men det har vore ein lang prosess å få dette på plass i Blomvåg. Heine har holdt saka varm saman med Vidar Tverfjell i Flåten og Knarvik vel og til slutt gjekk det gjennom med hjelp frå lokale politikarar. I skrivande stund er grunnarbeidet i gang. Hytta vert plassert på Rambogen som er ein

liten topp du kjem til å gå over om du følgjer den nyopprusta rundløypa på Blomvågneset. Her vert det nydeleg utsikt utover havet i vest, og hytta vil ganske sikkert tiltrekke seg mange fleire turgåarar. «Det er dette som er det store og spennande no», seier Heine. «Eg trur hytta blir veldig populær og gler meg skikkeleg til den snart står klar. Eg har ein draum om å sitte i hytta med kakao, brunostskive og ei god bok ein stormfull ettermiddag medan eg ser utover havet!». Hytta skal først tilsyn med av frivillige gjennom Flåten og Knarvik vel. Heine synest det er gøy at det no faktisk er venteliste på å vera tilsynsførar på hytta. Han ser også for seg at området ved hytta blir perfekt for friluftsgudsteneste.

Har han nokre tips til dei som vil på tur i området? «Parker ved Blomvåg kyrkje og følg skilta utover i løypene. Det er viktig å kose seg på tur og ikkje haste av garde. Gå på ungene sine premisser og sett av god tid! Med både Planteskogen og dagsturhytte lett tilgjengeleg vil ein fint kunne kose seg her i mange timar!

Hjort på gravplassane

Mange pårørende har opplevd å komme til gravplassen for å stelle ei grav, og oppdaga at plantar er røska opp eller at sjølve blomen er borte. Då er det kanskje hjorten som har vore og forsynt seg.

Tekst: Tore Heggernes
Illustrasjonar: Yngvild Mørner Sørheim

Hjorten er eit problem på mange av gravplassane i Øygarden, slik det òg er elles i landet. Å finne ei god løysing for å unngå at hjorten raserer blomane på gravene er ikkje lett. Fellesrådet har vurdert hjortegjerde, men har konkludert med at dette ikkje er aktuelt.

Eit tips til dei som steller ei grav, er difor å velje plantar med omhu. Unngå hjorten sine favorittar, som til dømes roser og tulipanar.

På naturhistorisk museum si nettside kan ein finne ei liste over plantar som rådyr ikkje likar. Desse vil heller ikkje falle i smak for hjorten. Døme på plantar ein kan prøve å bruke på graver er plantar med giftverknad, som påskeliljer, revebjøller og valmuer. Også duftande urter og blommar som salvie, prydsalvia, lavendel, peonar og skjeggete iris, er slikt hjorten normalt ikkje vil ete.

Det finst også middel med lukt hjorten ikkje likar, som ein kan prøve å spraye på blomane. Du kan gå inn på spirea.no (lenka finn du på www.kyrkja.no/oygarden/gravplass) og lese om tips til middel du kan blande sjølv, og spraye på blomane.

Blomar ein kan prøve:



Skjeggete iris



Lavendel



Påskelilje



Revebjølle



Peon



Valmue



Prydsalvie



Eli Landro er diakon og har lang erfaring med sorgarbeid. Ho har dei seinare åra vore tilknytt institutt for sjelesorg Modum som institutt diakon, før ho nyleg pensjonerte seg.

Korleis møta kvarandre og vera ein god ven i sorga

Kjenner du nokon som har mista ein dei er glad i? Korleis visa omsorg og bry seg når nokon rundt oss sørger?

Tekst: Astrid Fylling

27. oktober klokka 19 har vi temakveld om dette i Foldnes kyrkje.

Eli Landro kjem og har foredrag for oss. Ho vil mellom anna snakke om korleis det kan opplevast å bli enke/ enkemann og gå frå å vera par til å bli

femte hjul på vogna. Er det mogleg for oss som står rundt å invitere, bry oss, lage plass til dei som opplever døden i nær familie og omgangskrins?

Kva treng ein som sørger? Kan vi bli trygge i å møta venner og

familiemedlemmer som er i sorg? Er vi redd for å trø feil?

Vi snakkar mykje om eit varmare samfunn og å ha omsut for kvarandre. Mange er gode på dette, Nokre gonger treng vi eit puff for å tørre å møte sørgande.

Vi ynskjer at denne kvelden skal vera med å oppmuntra oss til å ta nye steg i møte med nære som sørgjer.

Det vert vakker musikk og enkel bevertning. Her er både pårørende, venner og familie hjarteleg velkomne. Kom og bli med!

Temakveld om sorg vert årleg arrangert av Øygarden kyrkjelege fellesråd. Her gir vi også informasjon om sorggrupper som ein kan melde seg på same kveld, eller ved

å ta kontakt med diakonane eller kyrkjekontoret på Straume.

Telefon: 400 03 316, e-post: post.oygarden@kyrkja.no

Om du ynskjer, kan du finna meir informasjon på nettsida vår: kyrkja.no/oygarden

PRESTEN SI SPALTE

STÅ OPP MOT DET VONDE

Sola skin, kyrkja er full av festkledde menneske og det er ei god atmosfære. Slik er det i kyrkja mang ein søndag når det er konfirmasjon og dåp.

Når eg som prest då kjem til det liturgiske leddet med å forsake djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen, tek eg meg i å spørja: Passar dette inn på ein festdag?

Etter denne forsakinga fylgjer så truvedkjenninga. Dette leddet har ein lang tradisjon i kyrkjehistoria. Og poenget er: Me vil snu oss bort frå det vonde. Me vil ta avstand frå at vondskapen skal få makt til å øydeleggja verda Gud har skapt.

Trond Bakkevik, tidlegare prost i Oslo, fortel at han fekk ei vanskeleg oppgåve då han skulle ha minnegudsteneste for dei drepne på Utøya. Han fann til sist ord til hjelp i forsakinga. Det var

godt å få ta avstand frå det vonde med høg stemme. Det vonde er her i verda som ei øydeleggande kraft. Difor gjev det meining å inkludera forsakinga i dåpen. Som foreldre og kyrkjelyd ønskjer me å snu ryggen til det vonde og me ønskjer at borna vert bevarte.

Dei siste månadane har me vore vitne til utrulege bilete frå vårt eige kontinent. Det er uverkeleg at det finn stad ein bakkekrig i Ukraina. Lidingane er enorme. Me ser at vondskapen og synda har makt og me ser kor mykje liding ein russisk president med makt kan verta skuld i.

Skulle ikkje evolusjon og fornuft tatt oss til ein annan og betre stad? Eg

tykkjer det er mykje meir saksvarande å vedkjenne at vilje og lyst til det vonde finst i oss alle. Det vonde og djevelen si list forsvinn ikkje om me lukkar att auga. Synd er det destruktive som riv og slit i sund alt det vakre og som bryt banda mellom menneske og mellom Gud og menneske.

Ein annan prest, Jostein Ørum, skriv at han litt kjenslevar kom innom forsakinga i ein dåpssamtale. Då seier barnefaren: «Forsaka? Er ikkje det noko vi gjer for saka?» Eigentleg godt sagt. Den som har ei større sak å leva for, tek nokre val for saka. Å forsaka vart då små val vi tar for å kjempa for rettferd, halda oss nær Gud og søka hans vilje for oss og andre.

Espen Sigve Tveten

Sokneprest Hjelme og Blomvåg



- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldttallerken

Rong Catering a/s
Tlf. 9185 6258

Vi formidlar blomster til innland og utland



INTERFLORA
Blomsterbua
RONG senter
Telefon : 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.
Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden
TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjernet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

Din lokale elektriker!

Thunestvedt
Vestgar

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
vestgarelektro.no
vestgar@thunestvedt.no

Fag Revisjon as

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf. 56 38 72 70,
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no

Torsvik ELEKTRO

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolantenn
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN Teatergt. 20
5010 Bergen Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA 2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume Tlf: 55 21 44 50



YXENERGI

- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass

BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted




SPAR

- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

- Ferskvarespesialisten
- Velsmakende varmmat
- Fristende frukt og grønt
- Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20

posten toto trumf Bank i butikk SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS 22 40 00 40 **SOS** CHAT **SOS** MELDING **KIRKENS SOS**

Kjøp kjapt,
trygt
og billig

KIWI mini
pris

Ved Rong senter
Tlf. 56 38 71 20
Mandag – lørdag
kl. 07.00–23.00



Asane Begravelsesbyrå AS
v/Johannes Blom
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000



**SOLSTRANDS
BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE
GRAVFERD**



Vidar Vik Torsvik
murmester

Dalekletten 44
5337 Rong

TORSVIK MUR
Alt i mur, puss og flisearbeid
Rehabilitering/fornyning av
gamle skorsteiner/piper

Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com



NORGESHUS
Øygarden

Telefon: 56 38 28 00 - Påluneset 2, 5337 Rong
e-post: ta@norgeshus.no
www.norgeshusoygarden.no

Montér

Øygarden Byggsenter AS

Påluneset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: post@oybygg.no
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,
lørd 09.00-14.00

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B-P-S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

Øygarden
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40
Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790

E-mail:
post@oygarden-elektriske.no

Vest Modul AS
5336 Tjeldstø

- Tilbygg N
 - Nybygg I
 - Rehabilitering
 - Montering og utleige av brakker
- ormann 958 19 905
ngvard 958 10 967
Trelastlager Tjeldstø



Vis respekt for gravplassane

I sommar vart fleire av gravplassane nord i Øygarden utsett både for skadeverk og for tjuveri.



Det er både forferdeleg trist og heilt uforståeleg at nokon kan få seg til å gjere noko slikt.

Omfanget og alvorsgraden av skadeverket gjorde at fellesrådet som gravplassansvarleg melde dette til politiet. Men sidan gravminne, blomar og gravpynt er privat eigedom, er hovudregelen at det er den ansvarlege for grava som kan melde tjuveri eller skadeverk på ei grav til politiet.

Mange vegrar seg for å kontakte politiet om slike saker. Fellesrådet oppfordrar deg likevel om å melde frå til politiet, og i tillegg gi beskjed til kyrkjekontoret om du opplever slike uønska hendingar. På denne måten kan vi få oversikt over omfanget og alvorsgraden av denne typen brotsverk.

Alle er velkomne til å besøke gravplassane i Øygarden. Dette gjeld om du kjem for å stelle ei grav, minnest kjære som har gått bort, eller om det berre passar å leggje turen innom. Hugs på at gravplassen er ein stad ulik alle andre, der menneske kjem for å bearbeide sorg og tap. Opptre alltid med respekt for dette når du er på gravplassen.

Annlaug Børve, kyrkjeverje

Bibeltimar i nordre Øygarden

Oversikt over bibelundervising denne hausten.



OKTOBER

- | | |
|-------------------|--|
| Vik bedehus | 11. oktober kl. 19.30: Trusforsvar, kva er det og kvifor skal me halda på med det? Ved Espen Løkhammer |
| | 25. oktober kl. 19.30: Trusforsvar - Er trua på Gud truverdig? Ved Espen Løkhammer |
| Nautnes bedehus | 27. oktober kl 19.00: Ved Roald Evensen |
| INRI-kyrkja | 28.-29.10 kl. 19.00: Møtehelg med Viggo Wilhelmsen |
| Sion Øygarden | 31. oktober kl. 19.00:
«Guds ords autoritet» - kveldsbibelskule |
| Blomvåg barnehage | 27.oktober kl. 19.30: Kveldsbibelskule
2. Mosebok ved Ingvald Andre Kårbø. Arr. Blomvåg bedehusforening og P7 Kristen Riksradio |

NOVEMBER

- | | |
|-------------------|--|
| Vik bedehus | 8. november kl. 19.30: Tursforsvar - Kan vi tru på Gud i ei vond verd? Ved Ole Magnus Breivold |
| | 22. november kl. 19.30: Trusforsvar - Er Bibelen truverdig? Ved Ole Magnus Breivold |
| Nautnes bedehus | 24. november kl 19.00: Ved Arnfinn Norheim |
| INRI-kyrkja | 19. november kl 18.00: Seminarhelg med Alexis Lundh: «Ein betre historie» |
| Sion Øygarden | 28. november kl. 19.00:
«Kva er sann bibelsk omvendning» - kveldsbibelskule |
| Blomvåg barnehage | 24. november kl. 19.30: Kveldsbibelskule
3. Mosebok ved Ingvald Andre Kårbø. Arr. Blomvåg bedehusforening og P7 Kristen Riksradio |



Velkommen til **GUDSTENESTE!**

SØNDAG 2. OKTOBER

Sprell levande gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Utdeling av biblar til 5. klassingar. Dåp. Offer til Ungdomsklubben Refuel.

SØNDAG 9. OKTOBER

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Jan Tommy Fosse. Dåp. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

SØNDAG 16. OKTOBER

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Jan Tommy Fosse. Nattverd. Offer til NLA-høgskulen.

SØNDAG 23. OKTOBER

Sprell levande gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Utdeling av biblar til 5. klassingar. Offer til søndagsskulen i Hjelme og Blomvåg.

SØNDAG 30. OKTOBER

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Kjell Asle Børnes. Nattverd. Offer til Misjon uten grenser.

SØNDAG 6. NOVEMBER

Allehelgensgudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 18.00 ved Espen Tveten. Offer til Stefanusalliansen.

SØNDAG 13. NOVEMBER

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Knut Kaldestad. Nattverd. Offer til Åpne dører.

SØNDAG 20. NOVEMBER

Gospelgudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 17.00 ved Espen Tveten. Gospelteens deltek og det er avslutning for konfirmantleiren. Offer til Misjon uten grenser.

SØNDAG 27. NOVEMBER

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til Tro og Medier.

SØNDAG 4. DESEMBER

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Jan Tommy Fosse. Dåp. Nattverd. Offer til Laget.

Endringar kan komme. Følg med i Vestnytt og på nettsidene våre:

www.kyrkja.no/oygarden

FELLESSKAPSKVELD

Blomvåg kyrkje
10. november kl. 19.00.

Velkommen til fellesskap, mat, song, underholdning og føredrag.

Me får besøk av Stefanusalliansen som driv eit stort arbeid blant forfølgde kristne.

Inga påmelding.

MORGONMESSER

Blomvår kyrkje

tysdag 29. november
tysdag 13. desember
kl. 06.30

Velkommen til morgonmesse med andakt, nattverd og song leia av husorkesteret.



LIVETS GANG

DØYPTE

Blomvåg

- Nora Oline Bøkevoll-Jahnsen, Kleppestø
- Isak Rytter-Hagen, Bårdalslivegen
- Lykke Elisa Steinseth, Breivikvegen
- Mons Emil Larsen Torsvik, Solvang
- Emma Sofie Birkhaug Solsvik, Vågsneset
- Liam Foldnes, Brekka
- Selma Lysvold Solbakken, Hafrsfjord
- Johanna Midtveit, Bergen
- Jenny Vik, Vik
- Aryan Emanuel Herdlevær Flåten, Vågshøyen

Hjelme

- Riley-Mackenzie Evelyn Hagen-Miller, Tjeldstø
- Kaja Dale Olsen, Rong

VIGDE

Blomvåg

- Merethe Louise Misje Solsvik og Tom Erik Torgersen
- Sigrid Haugetun Hitsøy og Marius Hellesund Gjellestad
- Kristine Flåten og Mathias Håpnnes Landmark

DØDE

Blomvåg

- Magnus Oen, Oen f. 1925
- Erik Arne Knudsen, Knappevegen f. 1978
- Henning Ebbesen, Løtevegen f. 1939
- Herborg Sæle, Søre Sæle f. 1930
- Alf Martin Torsvik, Vikavågen f. 1933
- Helge Oppedal, Jensvardvegen f. 1952
- John Otto Dale, Dalevegen f. 1935
- Tove Blom, Blomenutvegen f. 1951
- Malvin Nikolay Rossnes, Ternholmvegen f. 1929

Hjelme

- Dagfinn Tornøe, Ternholmvegen f. 1941
- Otto Forstrønen, Skogsvåg, f. 1945
- Agathe Nautnes, Ternholmvegen f. 1924


Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:

kyrkja.no/oygarden

Distribusjon i Hjelme og Blomvåg sokn:
Hammer transport, tlf. 920 98 600

Distribusjon utanfor Hjelme og Blomvåg sokn:
Posten Norge

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Velkommen til stemningsfull

Julekonsert

Hjelme gamle kyrkje
første søndag i advent
27. november kl. 18.00

Olaug Elise Alvheim - song og gitar
Øystein Steinsland - trøorgel
Terje Nilsen - gitar

DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

Hjarteleg velkomen til ein stemningsfull julekonsert i Hjelme gamle kyrkje, første søndag i advent 27. november kl. 18.00, med dei tre musikarane Olaug Elise Alvheim på song og gitar, Øystein Steinsland på trøorgel og Terje Nilsen på gitar.

Billetter kr. 200.- på Vipps eller i døra. Enkel servering med gløgg og peparkaker. Ta på deg ei lun varm jakke, eit godt sitjeunderlag og nyt julemusikken saman med oss.



Dåp

Dåpen er ei feiring av livet!

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For påmelding og informasjon om dåp gå inn på kyrkja.no/oygarden/dap